



Dato: 03.02.2017

Vår ref.: 2016/2550-20

Saksbehandlar: elibjor

Dykkar ref.:

Evaluering av museumsreforma i Hordaland – informasjon til kommunale og private museum/samlingar

Hordaland fylkeskommune er i gang med evaluering av museumsreforma. Fylkestinget har løyvd midlar til ekstern gjennomføring. Agderforskning AS skal utføre oppdraget.

Det fins mange kommunale og private museum/samlingar i fylket. Gjennom kommunane har vi forsøkt å få oversikt over museum/samlingar. Målet er å sjå korleis museumslandskapet har utvikla seg etter museumsreforma på 2000-talet, og kva museumsreforma har hatt å seie for musea/samlingane som ikkje høyrer til ei konsolidert eining. Hordaland har ti konsoliderte museum: Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE, Museumssenteret i Hordaland, Museum Vest, Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum, Olav H. Hauge-senteret, Sunnhordland museum.

Eit tema som ein vil sjå nærrare på er konsekvensane av museumsreforma for kommunale og private samlingar. Til dette punktet høyrer at regionale ansvarsmuseum er Hordaland si satsing i regional museumsplan i høve private og kommunale satsingar.

Lenka under går til den politiske saka. Her kan ein lese meir om evalueringa.

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling>ShowDmbHandlingDocument?dmbId=5498&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=156260>

Agderforskning vil sende ut eit spørjeskjema til Dykk med svarfrist 13. februar. Vi vonar at De ser positivt på at Agderforskning tar kontakt. Innspel frå Dykk vil vere viktige bidrag i regionale diskusjonar om museumsfeltet.

Ta gjerne kontakt dersom De har spørsmål eller ynskjer meir informasjon. Vår kontaktperson er Elisabeth Bjørsvik, elisabeth.bjorsvik@hfk.no, tlf. 55 23 91 94.